



Arkivsaknr: 2024/9388-6  
Sakshandsamar: Lene Helgesen  
Avdeling:

## SAKSFRAMLEGG

Søknad om løyve til oppføring av vindmølle - Gbnr 433/176 -  
Radøyvegen 2081

| Utvalssak | Utval                          | Møtedato |
|-----------|--------------------------------|----------|
|           | Utval for areal, plan og miljø |          |

## KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kommunedirektøren tilrår å gje dispensasjon frå pbl. § 29-4, og løyve i et-trinn til etablering av gardsvindmølle

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 og § 20-1 bokstav a.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Saka vert sendt Statsforvaltaren i Vestland og Hordaland fylkeskommune for klagevurdering.

### Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje omsøkt og godkjent innan 3 år etter at vedtak om dispensasjon er er gitt, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

### SAKSUTGREIING

#### Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for areal, plan og miljø.

Dersom utvalet gjev dispensasjon, skal vedtaket sendast til Statsforvaltaren i Vestland som skal ha vedtaket til klagevurdering.

### Saksopplysningar

Administrativt saknr. 2024/9388

Tiltak: Gardsvindmølle  
Søknadstype: Dispensasjon og Søknad om tiltak  
Eigedom: Gbnr. 433/176  
Adresse: Radøyvegen 2081  
Tiltakshavar/eigar: HEDRA EIGEDOM DA  
Søkjar: Scanwatt AS

### **Saka gjeld**

Saka gjeld søknad om Gardsvindmølle som skal levera straum til Hedra samdrift DA sitt samdriftsfjøs og mjølkeproduksjonsanlegg. Gardens årlege energiforbruk er om lag 130 000 kWh, og vindmølla kan produsera årleg opp mot 75 000 kWh. Planlagt vindmølle har 18 meter høgt tårn og rotores vingar er 8 meter.

Administrasjonen vurderer at tiltaket er i tråd med arealføremål LNF då det tenar landbruksdrift og landbruksføremål. Det følger og av rettleiar H-2401 Garden som ressurs, at tiltak kan som er i tråd med landbruksføremål skal vera at:

- Tiltaket er knytt til produksjonen på garden eller det garden treng av varer og tenester.
- Verksemda er basert på garden sitt ressursgrunnlag.

I denne saka skal vindmølla produsera strøm som igjen skal nyttast til melkeproduksjonen.

### **Nabovarsel**


Tiltaket er nabovarsla.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

### **Planstatus**

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF.

## Kart/Foto



## Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå pbl. § 29-4, krav til maksimumhøgde. Ansvarleg søkar grunngjev søknad om dispensasjon med at det på samfunnsnivå er stadig auka behov for elektrisk og fornybar energi. For dette tiltaket vil og fordelande for tiltakshavar være forsyningssikkerheit i tilfelle strømmangel/strømbrot og økonomisk forutsigbarheit.

## Uttale

Søknaden er sendt på høyring til Alver kommune Landbruk og kultur/friluft, Statsforvaltaren i Vestland, Vestland Fylkeskommune, og Luftfartstilsynet.

Det er henta inn slik uttale frå Alver kommune landbruksavdelinga den 23.09.2024:

### Konklusjon:

Alver kommune, landbruk har fylgjeleg ikkje merknader til søknaden i høve jordlova ut over at vi meiner tiltaket fell godt saman med intensjonane i «det grønne skiftet».

Det er henta inn slik uttale frå Vestland Fylkeskommune den 14.10.2024:

### Vår uttale

Vestland fylkeskommune, ved infrastruktur og veg er ikkje negative til at det skal bli etablert ei gardsvindmølle på eigedomen.

Vi vil likevel minne om at tiltaket kan krevje mellombels utvida bruk av avkøyrsla i anleggsperioden.

Lenke til søknadsskjema finn ein her: <https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/loyve-og-dispensasjonar/avkoyrselsloyve/>

Det vert ikkje orientert om anleggsperioden for etablering av gardsvindmølla. Sidan det er store delar som skal bli frakta til eigedomen vurderer vi at det truleg vil vere ei anleggsperiode med store køyretøy som fraktar delane til eigedomen og at dette kan utløyse krav om mellombels avkøyrsløyve. Vi ber om at kommunen informerer søkjar om dette.

Ved spørsmål om avkøyrsløyve, kan tiltakshavar ta kontakt med Vestland fylkeskommune som vegmynde. I ei søknad om mellombels utvida bruk treng vi mellom anna informasjon om kva som er dimensjonerande køyretøy, kva som er forventa start- og sluttdato på anleggsperioden og ei situasjonsplan av som viser avkøyrsla til fylkesvegen.

Vi uttalar oss som forvaltar av fylkesveg i denne saka. Dersom andre avdelingar har merknader til saka, vil dei sende det i eige brev.

Med helsing

### Malene Utkilen

konstituert fagkoordinator  
INV - Vegforvaltning bergensområdet


### Caroline Nordøy Håvik

rådgjevar  
INV - Vegforvaltning bergensområdet

Det er henta inn slik uttale frå Statsforvaltaren i Vestland den 24.10.2024:

### Uttale - dispensasjon - Alver 433/176 - Radøyvegen 2081 - gardsvindmølle

Vi viser til brev datert 19.09.2024 frå Alver kommunen. Saka gjeld søknad om installering av 26m høg gardsvindmølle. Tårnet er 18m høg, vingen er 8m. Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF. Vindmølla skal levere straum til gardsdrifta. Kommunen vurderer at tiltaket er i samsvar med arealføremålet, men at det krev dispensasjon frå høgdekravet i pbl. § 29-4. Statsforvaltaren har fått utsett frist for uttale til 24.10.2024.



### Statsforvaltaren sine merknader

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensert ifrå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

I naturbase.no omfattast område av eit kartlag for sensitive artar, i dette tilfelle hubro. Etter det vi kan sjå er det ikkje registrert hekkeplassar for hubro i nærleik i «nyare tid». Vi vurderer at potensiale for konflikt på dette temaet er liten.

Andre viktige tema som kommunen må vurdere er verknad for landskap. Det bør også vurderast nærmare kva risiko is-kast og lys og skygge effekten kan ha i dette område. Det bør vurderast om det skal stillast krav om ei ROS-analyse.

Statsforvaltaren ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

## **Tilkomst, avkøyrsløse og parkering**

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst.

## **Vurdering**

### **Dispensasjon**

Det er to vilkår som må vere oppfylt for at kommunen kan gje dispensasjon. Vilkåra er kumulative, som vil seia at begge vilkåra må vera stetta før ein kan gje dispensasjon.

For det første må dei omsyna som ligg bak føreseigna det dispenserast i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulemper, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden.

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføre.

Omsynet bak høgdebegrensinga i pbl. 29-4 er mellom anna å sikra at opphalds og rekreasjonsområde ikkje forringast ved at tiltak hindrar lys, solforhold og utsyn. Føresegn om høgdebegrensing skal og sika at bygningar og tiltak tilpassast kringliggande bygg, miljø og naturlandskap på ein god måte.

Administrasjonen sin vurdering er at tiltaket i denne saka er av ein slik art, at det til tross for høgda ikkje er egna til å forringa kulturlandskapet i vesentleg grad. Det er heller ikkje egna til å hindra lys, solforhold eller utsyn for naboar eller allmenta. Spesielt grunna avstand til naboar.

I vurderinga av fordelar og ulemper har kommunen særleg lagt vekt på at samfunnets behov for grøn og fornybar energi bør prioriterast. Energibehov avhjelpast ved at einskilde

gardsvindmøller kan til ein viss grad syta for eigen energitilførsle til garden. Vidare at tiltaket sikrar ein stor gardsdrift forutsigbarheit i både straumpris og forsyning ved eventuelle straumbrot i kommunen. Ulempene som følgje av terrenginngrepa og tiltakets høgde er av mindre karakter. Eventuelle ulemper for natur og fugleliv er vurdert av Statsforvaltar og tiltakshavar sjølv. Det er administrasjonen sin vurdering at potensiell risiko for natur og fugleliv i denne saka er svært lav.

Statsforvaltar har i sine merknadar kommentert at kommunen må vurdere verknad for landskap, risiko for is-kast, lys/skygge effekt og ev. behov for ROS analyse.

Administrasjonen vurderer at det er liten verknad for landskap, og heller ikkje stor risiko for is-kast eller negativ lys/skygge påveknad, då naboar ligg i god avstand til tiltaket.

Nar det gjelder iskast har ansvarleg søkar opplyst følgande:

#### Iskast

Ved bestemte sammensetninger av temperatur, fuktighet og vind kan det dannes is på gårdsvindmøllens tårn, maskinhus (nacelle) og rotorblader. Isdannelse skjer ved at fuktig luft fra skyer eller nedbør i form av regn eller snø fryser fast til vindmøllen. I Norge kan det

---

4

i hovedsak dannes is på vindmøller i perioden november-april. På det planlagte stedet for vår gårdsvindmølle er det forhold for iskast, statistisk sett, mindre enn 50 av årets 8760 timer.

Vi bruker iskast som betegnelse på is som løsner fra vingene i bevegelse, eller som faller ned fra maskinhuset, tårnet eller vingene på en mølle som er stanset.

Vår gårdsvindmølle er koplet opp mot Internett. Det gjør at den kan motta signaler om vær og vind. Som avbøtende tiltak mot iskast kan vi styre gårdsvindmøllen til å parkere ved ugunstige værforhold, hvis det skulle bli nødvendig.

#### Støy

Når det gjeld behov for ROS analyse er det et krav i forbindelse med planprosess, jf. Pbl. § 4-2. Tiltaket i denne saka er i tråd med arealføremål og utløyser ikkje plankrav. Kommunen meiner at det ikkje er heimel for å krevja ROS analyse i vurderinga av dispensasjon frå høgdekrav etter pbl. § 29-4.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at omsynet bak pbl. § 29-4 ikkje vert vesentleg sett til side, og at fordelane ved tiltaket er klart større enn ulempene.

Administrasjonen vurderer at vilkåra for å gje dispensasjon frå pbl. § 29-4 er oppfylt.

## Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Statsforvaltaren.

Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

## Vedlegg

- 1 Uttale - dispensasjon - Alver 433\_176 - Radøyvegen 2081 - gardsvindmølle.pdf
- 2 Uttale - installering av 26m høg gardsvindmølle - gnr. 433 bnr. 176 - Radøyvegen - Alver kommune.pdf
- 3 Fråsegn bygging av gardsvindmølle gbnr. 433\_176 Hella..pdf
- 4 A0 - Søknad om tillatelse til tiltak.pdf
- 5 Hedra Eigedom DA - Søknad om installasjon av gårdsvindmølle
- 6 A1 - Opplysninger+om+tiltakets+ytre+rammer.pdf
- 7 B1 - Søknad om dispensasjon fra maksimalkrav om høyde.pdf
- 8 D1 - Plassering, koordinater.pdf
- 9 D2 - Plassering, avstand til nabo.pdf
- 10 E1 - Tegning av gårdsvindmølle.pdf
- 11 E2 - Brosjyre.pdf
- 12 E3 - Fundamenttegning.pdf
- 13 F1 - Redegjørelse søknad.pdf